



## Bygland oppvekstsenter

Sentrum 40, 4745 Bygland  
Tlf. skule: 37 93 53 71  
Ass. tenesteleiar mobil: 97 50 64 14  
E-post: lene.fjerdingsstad@bygland.kommune.no

### ORIENTERING OM SKULEFRITIDSORDNINGA 2020-2021

**Søknadsfrist** er 1. mars 2020. Ved opptak gjeld plassen for 12 måneder frå 03.08.20. Ein betalar for 11 månader pr. år. SFO opnar etter sommarferien måndag 03.08.20. Det er sommarstengt dei tre siste vekene i juli (29, 30 og 31).

Ein avgjer lokalt kva innhald SFO skal ha. Dette blir teke opp på møtet i styringsgruppa (foreldremøtet) ved skulestart. Foreldra må sjølv sørge for eventuell skyss til og frå SFO. Dei må også betale for eventuelle måltid. Dette kjem i tillegg til den ordinære månadlege innbetalinga. Matpengane blir fakturert månadleg på den ordinære rekninga. Påmeldinga er bindande. Oppseiingstida er ein månad. Plassen kan ikkje seiast opp etter 1. april (då må ein i så fall betale ut skuleåret). Ta gjerne kontakt om noko er uklart eller de lurer på noko. Gå inn på heimesida til Bygland kommune og søk elektronisk. Du finn søknadsskjema under «skjema». Ein må søke om SFO-plass kvart år.

#### Betalinga vil vere etter fire satsar: (Jamfør kommunens gebyrregulativ for 2020)

Sats:	Timer	SFO	Matpengar
Sats 1	1 til 5 timar pr. veke	kr. 799,-	kr. 102,-
Sats 2	6 til 10 timar pr. veke	kr. 1296,-	kr. 132,-
Sats 3	11 til 15 timar pr. veke	kr. 1905,-	kr. 158,-
Sats 4	16 til 26,75 timar pr. veke	kr. 2255,-	kr. 184,-
Timesats ekstra timar		kr. 41,-	

#### Merknader:

- SFO er open frå kl. 07:00-16:30 (ei prøveordning som held fram til 2021).
- Skuletida:
  - 1.-2. klasse: 22 t/v
  - 3. klasse: 25 t/v
  - 4. Klasse: 27 t/v
- Det blir gitt 50% søskenmoderasjon i SFO
- Det må betalast ekstra for timar utover betalingssatsen i feriar. Det vil også då bli gitt søskenmoderasjon.

#### Oversikt over skuletida:

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Skule 1.-2.	09:00-14:35	09:00-11:30	09:00-12:45	09:00-14:35	09:00-11:30
Skule 3. kl.	09:00-14:35	09:00-14:35	09:00-12:45	09:00-14:35	09:00-11:30
Skule 4. kl.	09:00-14:35	09:00-14:35	09:00-14:35	09:00-14:35	09:00-11:30

Med vennleg helsing

Lene Fjerdingsstad,  
Ass.tenesteleiar